

## Skriveramme

Du kan bruke denne ramma til å planlegge skriving av ein kreativ tekst. Du kan gjerne bruke ein skjønnlitterær tekst som inspirasjon, gjerne utdraget frå *Inn i elden* av Aina Basso.

**Du kan planlegge skrivinga ved å tenke over:**

Kven?	Kven skal vere personar i teksten din? (namn, alder, yrke, sivil status?)  Korleis er desse personane?  Kven skal fortelje? (ein eg-person, ein han/ho eller ein skjult forteljar?)
Når?	Når skal hendingane gå føre seg? (ein laurdag morgen, langt tilbake i tid, i førre veka?)  Kor lang tid skjer hendingane over? (nokre minutt, ein time, eit døgn, eit år?)
Kvar?	Kva stad skjer hendingane?  Korleis er miljøet der? (kva ser du, kva luktar du, kva høyrer du?)
Ei hending	Kva skal vere den viktigaste hendinga i teksten?

**Tekstoppbygging:**

Innleiing	Korleis skal teksten starte? (in medias res, med ein replikk, med skildring eller på ein annan måte?)
Hovuddel	Korleis utviklar historia seg?  Kva skal vere høgdepunktet?
Avslutting	Korleis skal historia ende?  Skal det vere open eller lukka slutt?

**Framlegg til ord du kan bruke:**

Om personane:	sjølvsikker, dristig, vettskremd, lykkeleg, sjarmerande, fråstøytande, sympatisk, hissig, ureinsleg, mørkeredd, fryktlaus, arbeidssky, energisk, motvillig, innpåsliten, daudtrøytt, smiskete, omsorgsfull, storkrevjande
Om miljøet og staden:	illeluktande, travel, utsiktspunkt, tettbygd, aud, folksam, skummel, fredeleg, måseskrik, uthygge, fattige og rike, naturskjønn, stillheit, byggeverksemd, konfliktar, idyll, skipstrafikk, husdyrhald, høge fjell, elvedur